

Lindås kommune
Planavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
24 MAI 2019	
Ark. saksnr.	Løpnr.
Saksh.	Tilgangskode



Saknr.: 19-007 **Kommune:** Lindås **gbnr.:** Del av gnr188 **Gardsnamn:** Knarvik sentrum **Dykkar ref.:** Planid 1263-201002

2019/67

Varsel om oppstart av planarbeid – Områdeplan Knarvik Sentrum, del av gnr- 188, Lindås kommune, PlanID 1263-201002.

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2019	Inn	15/05-2019	Lindås kommune v/ Kristin Nåmdal og Hans Kristian Dolmen	Varsel om oppstart av planarbeid	SMV

NGIR har mottatt varsel om oppstart av planarbeid for Knarvik sentrum, del av gnr 188 i Lindås kommune og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Lindås kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og sнопlassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 22. mai 2019

Siv-Merete Vedå
-kunderådgjevar -